



# SANDØY KOMMUNE

## FORSKRIFT OM VASS- OG AVLØPSGEBYR

*Vedteke av Sandøy Kommunestyre i møte 12.12.02, K.sak 038/02, gjeldande frå 01.01.2003*

### I GENERELT

Sandøy kommune sine abonnentar betalar for vass- og avløpstenester levert av kommunen. Forholdet mellom abonnenten og kommunen er regulert av lover og forskrifter, samt av lokale reglement, regulativ mv. Dei viktigaste dokumenta er lista opp nedanfor;

1. Lov av 31. mai 1974 nr. 17 om kommunale vass- og kloakkavgifter med endringar, seinast ved lov av 5. mai 1995 nr. 20.
2. Forskrift av 10. januar 1995 nr. 70 om kommunale vann- og avløpsgebyr, sist endra 13. juli 2000.
3. Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Sandøy kommune (dette dokument).
4. Gebyrregulativ for vatn og avløp (årlege vedtak).

#### § 1 FORMÅLET MED FORSKRIFTA

Forskrifta fastset korleis gebyra skal reknast ut og innkrevjast.

#### § 2 VIRKEOMRÅDE

Forskrifta gjeld alle abonnentane i kommunen

#### § 3 DEFINISJONAR

- *Abbonent*  
Eigar eller festar av eigedom knytt til, eller som Sandøy kommune har krevd knytt til, kommunal vass- og/eller avløpsleidning, jf. Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter § 1.
- *Bruksareal (BRA) etter NS 3940 (forenkla)*  
Forenkla kan ein seie at bruksareal omfattar;
  - arealet innanfor bygninga sine omsluttande veggjar.

- *Fritidshus/hytte*  
Fast eigedom med tilhøyrande bygg brukt som fritidshus/hytte.
- *Gebyrregulativ for vatn og avløp*  
Gjeldande prisoversikt for vass- og avløpsgebyr. Satsane i gebyrregulativet blir årleg vedteke av Kommunestyret.
- *Tilknytingsgebyr*  
Eingongsgebyr ved etablering av abonnement.
- *Årsgebyr*  
Er summen av abonnementsgebyr og forbruksgebyr.
- *Sats*  
Betalingsgrunnlag for abonnementsgebyr.
- *Abonnementsgebyr*  
Den faste delen av det samla gebyret (årsgebyret).  
Abonnementsgebyret går fram av *Gebyrregulativet*.
- *Forbruksgebyr*  
Den variable del av det samla gebyret. Det blir rekna ut etter målt eller stipulert forbruk .
- *Stipulert forbruk*  
Forventa forbruk hos ein abonnent fastsett med bakgrunn i bygninga sitt areal.
- *Forbruksfaktor*  
Forholdet mellom forbruk i m<sup>3</sup> pr. år og bygningsarealet i m<sup>2</sup>.
- *Målt forbruk*  
Forbruk hos ein abonnent fastsett med bakgrunn i avlesen vassmålar.

## II VASS- OG AVLØPSGEBYR

### § 4 GEBYRTYPAR

- Tilknytingsgebyr (§ 5).
- Årsgebyr (§ 6).
- Gebyr for mellombels tilknytning (§ 9).

Samla gebyr (jf. overnemnde) for tenester knytt til kommunalt vassverk og kommunalt avløp skal dekkje kommunen sine forventa kostnader (faste og variable) knytt til tenesta.

### § 5 TILKNYTINGSGEBYR

Lov om kommunale vass-og avløpstenester krev at det skal betalast eingongsgebyr for tilknytning .  
Eingongsgebyret skal betalast for;

1. Nybygg som blir knytt til kommunal vass- og/eller avløpsledning.
2. Når eksisterande bygningar blir knytt til kommunal vass- og/eller avløpsledning.
3. Tilknytning utan bygningsareal.

Eingongsgebyret er likt for alle typar abonnement.

Kommunen kan, dersom det er ekstra høge kostnader med etablering av tenestene, krevje høgere gebyr.

Storleiken på gebyret går fram av gebyrregulativet.

## § 6 ÅRSGEBYR

Årsgebyr for vass- og avløpstenester består av

- abonnementsgebyr og
- forbruksgebyr.

Storleiken går fram av gebyrregulativet.

Gebyra skal reknast frå den 1. i månaden etter at eigedomen er påkøpla.

### ABONNEMENTSGEBYR

Av gebyrregulativet går det fram sats for abonnementsgebyret.

**Alle abonnentar betalar 1 sats.**

**Kombinasjonsabonnement med bustad betalar i tillegg 1 sats for kvar bustadeining.**

**Bustadabonnement med fleire bustadeiningar betalar 1 sats for kvar eining.**

### FORBRUKSGEBYR

Næringseigedomar (inkl. landbruksbygg), offentleg verksemd og kombinasjonsbygg betalar forbruksgebyr etter målt forbruk.

For abonnement med svært lite vassforbruk kan kommunen godkjenne at det i staden for å montere målar, blir betalt forbruksgebyr for eit forbruk på 120 kbm.

Bustad- og fritidseigedomar kan velje å betale etter målt forbruk eller etter stipulert forbruk der forbruket blir sett til

- 1,0 kbm pr kvm bruksareal for bustad og
- 0,7 kbm pr.kvm bruksareal for fritidshus.

Frittstående garasje under 50 kvm på bustad-/fritidseigedom skal reknast med i bruksareal når bygget har innlagt vatn.

Avløpsmengde blir for alle typar abonnement sett lik vassmengda

## § 7 VASSMÅLAR

Kostnader med installasjon, drift og vedlikehald av vassmålar skal dekkjast av abonnenten. Kommunen skal godkjenne type målar før installasjon.

Dersom pålegg om vassmålar ikkje er gjennomført vil kommunen fastsette forbruket etter skjøn. Det same gjeld der målar er ute av funksjon.

Abonnenten les sjølv av målarstanden og rapporterer denne på motteke postkort, eventuelt over internett.

## § 8 AVVIK I ÅRSGEBYRET

For næringsverksemd og offentleg verksemd der avløpsmengda er vesentleg

større eller mindre enn målt vassforbruk, kan kommunen fastsette auke/reduksjon i årsgebyret for avløp.

Restriksjonar for vassforbruket og kortare avbrot i leveransen / mottak av avløp gir ikkje grunnlag for frådrag i gebyra.

Etter skriftleg søknad til kommunen kan abonnenten få fritak for forbruksgebyret når bygninga ikkje er i bruk. Abonnementsgebyret skal betalast så lenge eigedomen fysisk er knytt til kommunal leidning. Ved søknad om fritak for abonnementsgebyret, krev kommunen at tilkoplingspunktet for vatn blir plombert. Kommunen utfører plomberinga.

Gebyr for plombering går fram av gebyrregulativet.

## **§ 9 GEBYR FOR MELLOMBELS TILKNYTING**

Mellombels tilknytning gjeld for arbeidsbrakker mv. med innlagt vatn som skal nyttast i eit avgrensa tidsrom.

Eigar/festar av eigedomen skal betale abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar, med avrekning i forhold til tilknytningstida. Gebyra kjem fram av gebyrregulativ for vatn og avløp.

Det skal ikkje betalast tilknytingsgebyr, men alle kostnader vedr. tilknytning og fråkopling skal eigar/festar av eigedomen betale.

## **§ 10 PÅLEGG OM UTBETRING**

Kommunen kan gi abonnenten eit pålegg om å utbetre eigne avløpsanlegg innan ein gitt frist, jf. Forureiningslova § 7. Etter nemnde lov § 73 kan det gjevast eit forureiningsgebyr dersom tilhøvet ikkje er utbetra innan gitt frist.

Dersom abonnenten ikkje etterkjem kommunen sitt pålegg, kan kommunen få iverksett utbetringa, jf. Forureiningslova § 74. Forureiningsgebyret fastsetjast av kommunen i kvart enkelt tilfelle, og skal vere i samsvar med kommunen sine kostnader knytt til forholdet.

## **§ 11 INNBETALING AV GEBYR**

Abonnenten er ansvarleg for betaling av gebyra.

Kommunen sender faktura for tilknytingsgebyr til abonnenten samtidig som byggeløyve eller tilknytingsløyve blir gitt, eller når eksisterande bygg blir knytt til kommunal leidning. Tilknytingsgebyr skal betalast seinast ved tilknytning.

Årsgebyra skal betalast i 4 terminar. Avlesing av målt forbruk skjer 1 gong kvart år. Dei andre terminane blir a'kontoavrekna etter forbruket året før.

Gebyr for mellombels tilknytning og tilleggsgebyr skal skrivast ut særskilt.

### III AVSLUTTANDE FØRESEGNER

#### § 12 INNKREVJING AV GEBYR

Forfalne krav på årsgebyr er sikra med pant i eigedomen med heimel i Pantelova § 6-1. Gebyra kan krevjast inn av kommunen etter reglane om innkrevjing av skatt.

#### § 13 VEDTAKSMYNDE

Rådmannen har mynde til å fatte enkeltvedtak etter denne forskrifta, og han kan delegere mynda vidare.

#### § 14 KLAGE

Når det er fatta enkeltvedtak etter denne forskrifta, skal den/dei vedtaket gjeld informerast om høve til klage etter Forvaltningslova. Formannskapet er klagenemnd. Klagen skal sendast til den instans som har fatta vedtaket.

Vedtak om storleiken på gebyra, som kjem fram av gebyrregulativet, er å rekne som forskrift, jf. Forvaltningslova § 2 første ledd c. Dette er ikkje enkeltvedtak, og kan difor ikkje påklagast.

#### § 15 OVERGANGSREGLAR

For dei bustadeiningane ein ikkje kjenner bruksarealet blir bruksarealet sett til 150 kvm. Abonnten kan levere oppgåve over bruksarealet eller kommunen kan gjere oppmåling/berekning.

For dei fritidsbustadane ein ikkje kjenner bruksarealet blir bruksarealet sett til 80 kvm. Abonnten kan levere oppgåve over bruksarealet eller kommunen kan gjere oppmåling/berekning.

Landbruksbygg som ikkje har installert målar får forbruksgebyret fastsett etter eit årsforbruk på 2,0 kbm / kvm fjøsareal.

For andre bygg som ikkje har montert målar vil ein ut frå teikningar/kart o.l fastsette bruksarealet. Forbruksgebyret for desse bygga blir fastsett etter eit årsforbruk på 1,5 kbm / kvm

#### § 16 IVERKSETJING

Forskrifta blir iverksett 1.1. 03

# VEDLEGG 1

## FORSKRIFT OM TILKNYTING TIL KOMMUNAL VASS- OG/ELLER AVLØPSLEIDNING

1. Alle som bur innafor eit område der det blir nedlagt kommunale leidningar kan krevjast knytt til tenestene , jfr. §§65 og 66 i plan- og bygningslova.
2. Etter søknad til kommunen, kan det gjevast løyve til tilknytning til kommunal leidning utan bygningsareal.
3. Tilknyttinga skal skje etter tilvising frå kommunen.
4. Der tilknyttinga krev utbygging av hovudleidningar, må søknad om tilknytting sendast Sandøy kommune.  
Dersom tilknyttinga medfører at det må leggest nye hovudleidningar som blir uvanleg kostbare i høve til dei eigedomane som skal knytast til, kan kommunen krevje meirkostnaden refundert i tillegg til ordinære tilknytingsavgifter. Slik utbygging må i alle høve godkjennast av kommunestyret.
4. Når kommunen bygg ut ny hovudleidning kostar kommunen stikkleidning fram til 30 m frå bustadhus. I kommunale bustadfelt blir det lagt stikkleidning fram til tomtegrense. Dette blir det kravd refusjon for. Med stikkleidningar er meint leidningar frå dei einskilde husa og fram til næraste tilkoplingspunkt.

Kommunen ordnar med uttak på hovudleidningane.

Uttak er vanlegvis 110 mm for overvatn, 110 mm PVC for spillvatn og 32 mm PEL for vatn.

Huseigar har ansvar for vedlikehald på stikkleidningane. Kommunen kan gi huseigar pålegg om straks å utbetre påviste skader og lekkasjer på stikkleidningane.

5. Alle leidningar skal vanlegvis leggest i same grøft. Avvik frå denne regelen kan berre gjerast i samråd med kommunen, som også skal godkjenne grøftetraséen.
6. Alle som er tilknytt kommunale leidningar har plikt til å gi kommunen, evt. andre tilknytte, rett til å grave for omlegging, tilknytting, utviding, reparasjon, vedlikehald m.v. av leidningane. Evt. skade som vert gjort ved dette arbeidet skal erstattast av den som er ansvarleg for skaden.

Rådmannen får fullmakt til å treffe avgjerd om overtaking av private leidningar til kommunal drift når ein eigedom blir tilknytt kommunalt leidningsnett, og til å fastsette avtale om dette.

7. Rådmannen kan etter søknad gi dispensasjon frå denne forskrifta der den verkar urimeleg overfor einskilde byggherrar/abonnentar.



